

Referat frå møte i Trafikksikringsutvalet

Tid: Tysdag 15. mars, kl. 14:00 – 15:30

Stad: Formannskapssalen i Midtgard

Til stades: Bjarne Eiolf Holø (BEH), Terje Hoel (TH), Synne Skogsrud (SS),
Trine Solberg Johansen (TSJ)

Forfall: Herdis Kvamme Repp (HKR), Albert Lunde (AL)

Møteleiar: Ordførar Bjarne Eiolf Holø

Møteagenda:

1. Presentasjon av utvalet
2. Status Trafikksikringsplanen for Lom kommune
3. Informasjon om møte 12. mai med (FTU Oppland fylkes trafikksikkerhetsutvalg)
4. Skissere vidare arbeid

Nr	Sak	Ansvarleg
1	«Runde rundt bordet».	
2	Gjeldande plan vart gjennomgått i plenum. Revidert handlingsplan frå førre periode vart grundig endra, og skal inn i ny tabell. Ny plan skal kortast ned og forenklast. Utkast skal sendast rundt til utvalsmedlemmane pr. e-post. Utvalsmedlemmar skal gje attendemelding på endringar, forbetringar og manglar i planen ved gjennomlesing.	TSJ Alle
3	Ordførar informerte om møte 12. mai med FTU. Utvalsmedlemmane skal vera med på møtet og synfaring til Brubakken. Avtalen med FTU er frå kl. 10:00 – 12:00 + lunsj. Trafikksikringsutvalet bør ha eit planleggingsmøte i forkant av møte med FTU, i slutten av april.	TSJ
4	15 av Noregs kommunar er trafikksikre. 12 av desse er i Oppland. Lom kommune fyllar allereie fleire av kriteria for å bli ein trafikksikker kommune, og dette bør bli innarbeid i trafikksikringsplanen. Grunna permisjon treng vi ein ny representant frå Helsesektoren til Trafikksikringsutvalet ei tid framover.	Alle SS